






KYRKJEBLADE

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 7/8

Julen 1980

34. årg.



Biskop Thor With:

Er Jesus verkeleg født?

Er joleevangeliet berre eit religiøst eventyr kan hende? Noko som fromme menneske har dikta ihop i si tid for å gjeva folk noko ufårleg å tru på, noko som kunne brukast som årsak til ein midtvintersfest med passe religiøs glans? Har han kan hende ikkje eksistert i det heile? Er joleevangeliet berre ei heilagsegn?

I vår tid er det mange som målmedvete freistar å gjera joleevangeliet til ei segn for å gjera Jesus Kristus ufårleg. Dei får hjelp av oss dersom me i tankeløyse pakkar realitetene i evangeliet inn i altfor mykje ytre stas og ståhei. Me kan i god meinings verta så opptekne av jolefestane at vår Herre Jesus vert gøynt både for andre og for oss sjølv. Sjølv om me ikkje vil det, kan me koma til å stå i vegen for evangeliet si utfordring.

Det faktiske er at knapt noko historisk hending har så gjennomsolide og urikkande prov for seg som det at Jesus eingong vart født inn i vår slekt. Det treng me ikkje å freistatru, det kan me veta like visst som me sjølv



er til. Heile hans samtid var ikkje i tvil om at Jesus frå Nasareth var like verkeleg og levande som dei sjølv, ja, at han var noko meir enn dei. Lækjaren Lukas granska tilhøva om fødselen hans millom deim som kjende Jesus frå han kom til verda. Og Lukas var så trygg på sanningsinnhaldet at han skreiv det ned for ein framståande mann med risikoen for å bli stempla som lygnar i det gjennomsiktlege vesle jødefolket. Men det hende ikkje, for sjølv Jesu værste fiendar kunne ikkje nekta at Jesus var til!

Joleevangeliet er sanning. Det heilt eineståande ved denne bodskapen er at kvar den som tek imot sanninga, han får augo oppletne så han oppdagar sanninga om seg sjølv og om han som kom til vår verd den første jolenatta. Han får sjå Guds kjærleik til seg i Jesu augo, i Jesu soningsdød og oppstode. Det underet har hendt millionar gonger før. Det vil hende heilt til Jesus kjem att, i dag og.

Velsigna jol!



KYRKJEBLADE FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar:

Dagfinn Lofthus

Medarbeidarar:

Johanne B. Helle

og Magne Hesjedal.

Kasserar:

Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.
Postgiro 5 72 34 73.

Bankgiro 3500.50.13117.

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 15,00 for året.

Eksped. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S

5610 Øystese. — Tfn. 55045

gode nok i seg sjølv, har ikkje bruk for evangeliet om frelsa i Jesus Kristus.

Dersom du er gjelfri, kan du ikkje bry deg om å høyra at gjelda di er betalt. Kva er dette for noko tull, ville du seia, eg har jo ikkje gjeld.

Omlag slik er det mange reagerer på evangeliet. Dei veit ikkje om si synd og si skuld, i allfall ikkje slik at synda er eit veldig problem for dei. Då ligg det og nær for slike menneske å finna glede i andre religiøse sanningar eller i ei morallære.

Men nokre menneske såg si synd. Det var ei vond oppleving. Det var som når ein er hos lækjaren, og så seier lækjaren at du har hatt ein alvorleg sjukdom lenge, men det visste du ikkje før lækjaren sa det.

Eg har møtt mange slike menneske som har opplevd noko av det profeten opplevde i templet der han såg Herrens herlegdom. Då sa han: Ve meg. Det er ute med meg. Men han fekk også høyra trøysteordet: Di skuld er borte, di synd er sona.

Eg trur at profeten blei merkt for livet av denne opplevinga. Og eg trur her er mange menneske i dag som er merkt for livet og som har si trøyst i dette: Di skuld er borte, di synd er sona. Jesus sonte for synda med sin død. Dette er frelsa, at Jesus er ei soning for verda si synd.

God og gledeleg jol! D. L.

I dag er det fødd dykk ein Frelsar

Joleevangeliet er forteljinga om korleis det gjekk til at Gud blei menneske. Så enkelt og klårt seier Johannes om det: Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss, og vi såg hans herlegdom. Joh. 1,14. Johannes kan ha tenkt: Eg treng ikkje bruka mange ord, men lat meg for all del få sagt det viktigaste. Lukas bruker fleire ord, for han skriv meir historisk om dette som skjedde.

Men om eg kan seja det slik er det eit evangelium i sjølv joleevangeliet som vi skulle få tak i, og det er dette: I dag er det fødd dykk ein Frelsar. Det viktigaste for oss er at Jesus Kristus er Frelsar. Og når vi finn frelsa er det Herrens herlegdom strålar for oss.

Kvífor er det då nokre som seier at dei ser denne herlegdom og andre som ikkje ser herlegdomen i Jesus Kristus?

Evangeliet er for syndarar, ikkje for rettferdige. Dei som trur dei er



Avskilsord til kyrkjelydane

Av Dagfinn Lofthus

Eg vil skriva nokre ord til avskil, då eg tek offisiell avskil 1. desember. Det er mykje ein tenkjer på i samband med det, mellom anna alt som ein kunne har sagt og gjort annleis. Men evangeliet skal vi ikkje be om orsak for. Eg vonar at eg har forkynt evangeliet om Jesus Kristus til kyrkjelydane. Ein songstrofe tonar i meg:

*«En underfull frelser jeg eier,
men lenge forsto jeg det ei.*

*Nå synger jeg glad om hans seier
at alle skal se ham som jeg.»*

Her inne mellom fjordane er det djupe kristenrøter. Her har folket fått ein kristenarv frå fedrane. Men det er vekkjing som kan løysa ut rikdomen i arven slik at dette blir meir enn ein skatt som er godt gøynt i jorda. Det finst slike skattar som aldri blir funne, veit vi. Fordi det er slik som det står i sangen: «lenge forsto jeg det ei.»

Difor er det så naudsint med vekkjingselden, glør frå Herrens alter, «luen fra Guds kjærighet.»

Du som synest du lite kan gjera i Guds rike, hugs at du kan be om vekkjingstider. Du kan be om at vekkjingselden får brenna. I slike tider blir evangeliet meir enn ord, det blir kraft og liv.

*«Hvor er vår synd? Hvor er vår dom?
Hvor er vår straff og last,
Når alt tilregnet ble Guds Lam,
Til korset naglet fast?»*

Det er mi tru at dersom vekkjingselden skal brenna må dei som trur, byggja på venesamfunnet. Glørne må samlast for at dei ikkje skal slokna.

Det må vera ein stad der du kan henta kraft.

Gud signe folket. Og Gud signe det folket som ber på glørne frå Herrens alter. *Helsing Dagfinn Lofthus*

Ein sokjar til Vaksdal res. kap. embete

Til den ledige stillinga som residerande kapellan i Vaksdal har det meldt seg ein sokjar, sokneprest Per Einar Sønnesyn. Han er født i 1932 i Hafslø i Sogn. Han har vori lærar og rektor ved ein kristen folkehøgskule, res.kap. i Lindås og er no sokneprest i Grønnåsen prestegjeld i Tromsø.

Frå 1. januar 1981 vil prost Olav Fjose vikariera i stillinga som res. kap. i Vaksdal. Olav Fjose er busett på Voss og har telefon (055) 12859. Vi ynskjer Fjose velkommen til Vaksdal og Guds signing i arbeidet.

Når den nye res. kap. er utnemnt av Kongen, vil Kyrkjebladet koma attende til saka.

D. L.

Nynorsk liturgi i Vaksdal?

Det er nynorsk liturgi i alle sokn i Vaksdal prestegjeld med unntak av Vaksdal. I siste soknerådsmøtet i Vaksdal blei spørsmålet om brigde av målform tatt opp. Det er nynorsk i skulen, og det er dei som meiner at nynorsk liturgi i kyrkja vil vera meir høveleg for borna og dei unge.

Det er eit soknemøte som avgjer målforma, og det er vanleg å ha slike møte etter ei gudsteneste i kyrkja.

Soknerådet meiner at det er rett fyrst å orientera om saka slik at folk kan få tenkja over kva som er best. Og så vil ein lysa til eit soknemøte som truleg blir i januar eller februar.

D. L.


Bergsdalen Sundagsskule

Den songen som me alltid byrjar samværet med, lyder slik (1. verset):

*Vår sundagsskule elskar eg,
Der er det godt å vera.
Der alltid Jesus møter meg,
Han vil eg alltid æra.
Han kjenner meg og har meg kjær,
Ja, beste venen min han er.
A Jesus, ver meg alltid nær,
Din vil eg evigt vera!*

Med helsing frå sundagsskulen v/

Kristina Fosse, Klara Lid,
Per Småbrekke og Eirik Småbrekke.



Her kjem me i Bergsdalen sundagsskule og vil helsa på dykk som les Kyrkjebladet.

Bergsdalen sundagsskule femner om heile Bergsdalen, og vart skipa i 1972. Men det var like etter 1910 at det vart teke til med sundagsskule fyrste gongen. Då var det sundagsskule både i Hatlestad og Øye kringar. Men 2 gonger har ein måttå lagt ned, på både stadene, på grunn av barnemangel.


Me samlast som jamnast annankvar sundag i vinterhalvåret. Og møtestaden er kyrkjesalen. Forutan gjennomgang av teksten på dagen, ved hjelp av flanellograf og plastograf; har me bibelske spørsmål, høgtlesing og/eller forteljing. Og so syng me ekstra mykle, til gitar-musikk.

*Av farge og av ymse rase
dei til vår vide verden kom.
Her på vår jord i grøne graset
:/: so gla' og fri dei vandra om :/:*

*Det var som dei kvarandre kjente
og lik'som høyrdé bjelleklang,
når fjellet etterljomen sendte
:/: utover vollar, veg og vang :/:*

*Då tenkte eg, min arme stakkar
at aldri vil eg gløyma Han
som bar sitt kors dei bratte bakkar
:/: og var uskuldig som eit lam :/:*

A. Jensen



PÅ ELDRELEIR

Å reise på leir i sumarhalvåret er etterkvart vorte eit kjent begrep. Det er leiarar for born og tenåringer, familieleiarar og weekend og kva namn dei måtte ha. Og alle har eit mål: å vinne sjeler for Jesus og å oppbygge dei som har funne liv og trøyst i han, og samstundes vera saman i Guds natur og læra å bli glad i den.

Eg vil få lov å minna om eldreleirane. På Raknestunet er ein gild og fin leirstad, der er stille og roleg for den som treng kvile og vil koble av. Den som først har vore her eit år ser du gjerne igjen, år etter år. Det er så mange einslege som sit åleine med sine tankar, og dette å få møte andre som er i same båt, få tala saman, be saman, få kjenna samfunnet med så mange truande, det gjev kveik og trøyst til så mange som er mødd og motlaus.

På leir nr. 3 var vi tre stykker frå Stamnes-bygda som fekk vera med. Og vi er alle takksame for den rikdom og glede vi fekk delé med så mange frå heile Nordhordland. Johan Åsgård var leiar, og med seg hadde han ein ung gut på 23 år, Karsten Heggernes. Han påstod at han lika seg «utmerket» på eldreleir. Talar var Kåre Hellem. Det var gildt å høyra dei gamle ord frå Guds bok på nytt. Vi fekk vera ved kjelda.

Ein dag var vi tur til den gamle Hamrekyrkja. Det var interessant. Kyrkja som no står er frå 1600-talet, men der hadde vore kyrkja like frå 1100-talet. Der var mykje fin rose-måling og treskjærar-årbeid. Dei hadde god tid i dei dagar!



Laurdagskvelden var det kos ved peisen, og sundagsettermiddagen var det deltakarane sin time. Då var det mange som måtte i elden, og gildt var det å høyra dei alle. Tru ikkje det var mange sturne andlet ved bordet, summetonen var der straks! Og vi fekk god mat og elles den omsorg vi måtte trenge.

Så mitt råd er til deg som er blitt eldre:

Ta deg ein tur til Raknestunet.

E. Straume.

Familieweekend på Kvamseter

for kyrkjelydane i Vaksdal

Så var det etter tid, å tenkja på ein ny familiesamling på Kvamseter den 27. febr. — 1. mars 1981. Kor vi satsar på å følgje opp den gode stemninga frå dei andre gongene, med ein god og avslappa atmosfære med program for heile familien både store og små.

Pris for opphaldet blir denne gong kr. 192, for vaksne. Born mellom 3—12 år går for halv pris.

Påmeldingsfrist 20. januar pr. telefon til Oddveig Straume, tlf. 398184, eller skriftleg til Ottar Dalseid, Dalseid, 5280 Dalekvam.

Alle som får plass vil bli tilskrevet sammen med program og innbetalingsblankett for påmeldingsgebyr kr. 20,— pr. person. Dette vil bli trekt ifrå når ein betaler for opphaldet. Ver snar med påmelding, for å sikre dykk plass.

*for Leirutvalet
Ottar Dalseid*

Dronning Mauds Minne inne i en ekspansjonsperiode

Stiftelsen Dronning Mauds Minne i Trondheim er inne i en sterk ekspansjonsperiode. Hovedoppgaven er knyttet til Barneverninstituttet som nå har 420 studenter og gir full utdanning til føreskole- og barnehagelærer yrket. Dessuten gis det tilbud om videreutdanning. Instituttet har vunnet stor anerkjennelse i alle kretser ved sin høye faglige standard og ved sitt positive miljø.

Men Stiftelsen har også meget konkrete planer om en videre utnyttelse av den verdifulle eiendommen. En større barnehage skal bygges i samarbeid med Trondheim kommune og bla. integreres i utdanningen ved instituttet. Dessuten håper en i nærmest fremtid å reise et kurssenter som skal komme hele vår kirke til gode — et kirkens kurs- og utdanningssenter nordenfjells.

Behovet for både lønnede og frivillige krefter er stort, både innenfor førskolesektoren og i alt menighets-

liv. Vår kirkes fremtid vil være avhengig av at hver enkelt finner, utvikler og utnytter sine evner og gaver. Der vil Stiftelsen Dronning Mauds Minne være et viktig redskap.

Stiftelsen Dronning Mauds Minne er en Guds gave til vår kirke.

Stiftelsen bygger på vår kirkes grunn og bør omfattes av forbønn, omsorg og økonomisk støtte.

La oss bygge for fremtiden i vår kirke!

*Bjarne O. Weider
biskop
Styremedlem*


Det nyter

Førskolelærerutdanning innen Den norske kirke.

420 studenter under utdanning.
Investering for fremtiden.

Vi trenger den. Vårt folk trenger den. Dronning Mauds Minne,
Innsamlingsaksjonen

Th. Owesens gt. 18, 7000 Trondheim.
Postg. 2 22 87 16. Bankg. 4200.07.76097.



ORDETS SKAPAR

Mel.: Overmåde fullt av ndde ...

*Ordets Skapar, tankens dragsug,
melodiers æveklang,
deg me lovar heilt og hjartug,
takkande med morgonsang,
Dag og rytme ut du delar,
allheims friske hjarteslag;
sol og måne dagleg speglar
av din kjærleiks hjartelag.*



*Jesus Kristus let du stråla
inn i ufreds mørke verd,
og ditt kjærleiks ord han måla
for alt folk i all si ferd.
Frelsarmann og Sjælehyrde,
lei og oss til himmelhamn;
Æve-Ord som tider styrde,
tak oss i din kjærleiksfamm!*

Johs. Gausdal.

Jeg glemmer det aldri

Jeg tror aldri jeg glemmer det! Det var en gang i fjor vinter. En av våre barnearbeidere hadde vært på foreningsbesøk. Etter andakt og annet program kom de til å samtale litt om ting som var berørt i andakten. Og en småpike utbryter: — Jeg synes det er så vanskelig å være kristen, jeg! Hun kunne vel være 10-11 år.

— Ja, hvordan det?

— Jo, jeg kjenner på meg hvordan jeg får lyst til å gjøre ting jeg vet er galt. Og så er det så vanskelig å gjøre det som er rett.

— Men vi vet jo at Jesus tilgir oss når vi gjør noe mot hans vilje.

— Ja, og det er bra. Men allikevel... Det er som om noe godt og noe ondt kjemper om meg.

Slik fikk samtalet utvikle seg. Så fikk barnearbeideren og foreningslederen peke på Jesu tilgivelse og frelsen som rekkes oss alle, og på at Han gir kraft til å leve som Hans barn i hverdagen. De fikk også peke på bønnens vei og Jesu seier over det onde og også over våre nederlag.

Etter møtet samtalte våre barnearbeidere litt med foreningslederen om det som hadde skjedd. Denne lille piken på 10-11 år kom fra et ikke-kristent hjem. Foreldrene var nærmest negative, og de hadde ikke latt henne døpe. Men gjennom samværene i barneforeningen vår, samt kristendomstimer med en kristen lærer på skolen, hadde denne piken kommet fram til tro på Jesus. En kjempende tro hvor hun daglig fikk oppleve kampen mellom det onde og gode.

Er det noen som våger å spørre om vi har oppgaver i hjemmearbeidet? ☺

Kanskje at vi også i Norge har misjonsmark?

Jesus sier jo: La de små barn komme til meg! Hindre dem ikke, for Guds rike hører sådanne til.

Nei, jeg glemmer det aldri!

*Magnar Haugeli Halvorsen
(Barne- og ungdomsarbeider i NMS)*

Bispevisitas neste år?

Det er 17 år sidan det sist var bispevisitas i prestegjeldet. Det var biskop Juvkam som vitja Vaksdal då. Dette er lang tid sidan og det er ikkje heilt utenkleleg at det kan verta til neste år. Dette ville høve fint i samband med at Dale kyrkje då vert 25 år.

Befaring til kyrkjene og kyrkjegardane

Den 10. okt. og 14. nov. vart det befaring til alle kyrkjene og kyrkjegardane i prestegjeldet. Forutan representantar frå dei ymse sokna var ordførar Soltvedt, formann i eideomsutvalet Kristian Audestad, oppsynsmann Atle Stokke, tiltakssjef Birkeland, bygningskontrollør Sigmund Lie og sokneprest Steinnes med. Det var meinings å få eit oversyn over kva som er turvande å få gjort dei komande åra. Det vert så Kyrkjeleg fellesråd si oppgåve å prioritera dei ymse tiltak.

Det kjem seg til jul

No er me lova skikkelege høyretilhøve i kyrkjene på Vaksdal og Dale til jul og mange er nok glad for det. Det er Siemens som skal ta seg av arbeidet og me er glad at kommunen var viljug å løyva dei turvande midler til å setja det i stand. Dette har vore ei lang og trasig sak som me no vonar er til ende.

80 ÅRS JUBILANT



Dale sundagsskule går og inn i rekkjene av alle sundagsskulejubileer dette året. Heile 80 år er sundagskulen og ved familiegudstenesta den 26. oktober var ein del av dei med og song som de kan sjå av biletet. Dei er ca. 60–70 born og 8 lærarar. Den

store merkedagen vil verta feira ved julefesten tysdag den 30. desember. Då vil ein invitera alle som har gått på sundagsskulen til fest på Forsamlingshuset. Det vil kan henda verta trøngt om plassen, men ingen ting er hyggelegare enn det.

«Mor har lært meg den»

En søndagsskolelærer spurte en dag elevene i klassen sin hvilken bordbønn og aftenbønn de pleide be. «Nå, Øyvind», sa han, «hvordan er aftenbønnen din?»

Litt unnselig svarte gutten: «Det er min mor som har lært meg den.»

«Fint, la meg få høre den», sa læreren.

Da reiste Øyvind seg og sa fram: «Kjære Jesus, kom inn i hjertet mitt, Lukk igjen døra, og gå aldri ut igjen.»

Det ble stille i klassen da han satte seg.

Vi trenger alle daglig å be samme bønn, både barn og voksne.

Dale Fabrikkutsalg

5280 Dalekvam
Tlf. Dalekvam 39 61 61

Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull metervarer
Strikke- jakker og gensere

A. L. VATLE DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer
Frukt og grønnsaker

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE:

DALE:

Ronny Tørrissen, døypt 10.8.
Roy Gordon Middleton, døypt 24.8.
Jørgen Småbrekke, døypt 14.9. i Bergsdalen.
Dagfinn Hvidsten, døypt 14.9.
Henning André Dale, døypt 14.9.
Jan Egil Myrlid, døypt 14.9.
Geir Tore Myrlid, døypt 14.9.
Vibecke Bosåen, døypt 14.9.

VAKSDAL:

Øyvind Mjelde, døypt 19.10.
Marianne Fosse, døypt 19.10.

STAMNES:

Helge Skorve, døypt 31.8.
Ailin Rønning Jakobsen, døypt 24.8.
Beate Rønning Jakobsen, døypt 24.8.
Sunniva Gammersvik, døypt 14.9.

FLATEKVAL:

Aud Marit Brønstad, døypt 12.10.

VIGDE:

STAMNES:

Erling Stamnes og Olaug Helen Lunde, vigde 9.8.

DALE:

Morten Bergheim og Laila Dale, vigde 2.8.

FLATEKVAL:

Lars Brekkhus og Kjellaug Ekse, vigde 7.8.

DØDE:

DALE:

Jacob Hesjedal, død 30.7.
Olav Birkeland 6.8.
Larsina Vatle 27.9.
STAMNES:
Hermann Kaland, død 19.8.
Karl August Ulevik, død 8.9.
Johannes Toskhelder, død 6.10.
Halstein Møster, død 8.10.

EIDSLANDET:

Johannes Hagen, død 26.9.

VAKSDAL:

Wilhelm Peder Edvard Melcher, død 31.7.
Johannes Teigen, død 19.9.
Karl Johan Bernhard Skulstad, død 22.9.
Marie Sturtzel, død 6.7.
Karen Cesilie Isachen Skorpen, død 25.4.

Velkommen til kyrkje

Lørdag 13. desember:

Stamnes kyrkje kl. 17.00. Kyrkjekonsert. Stamnes Damekor. Ungdomskoret. Skulemusikken. Andakt ved sokneprest Steinnes. Kollekt til soknerådet.
Bergsdalen kyrkje kl. 16.00. Kyrkjekonsert. Dale kyrkjekor. Dale Musikkforening. Sven Vaksdal. Andakt. Kollekt.

3. søndag i advent, 14. desember:

Eidslandet kyrkje kl. 11.00. Gudsteneste og konsert. Sokneprest Steinnes. Eidsfjord Musikklag. Liljekonvallen. Sven Vaksdal. Song av skuleborn. Kollekt.
Dale kyrkje kl. 17.00. Kyrkjekonsert. Dale Mannskor. Dåle kyrkjekor. Dale Musikkforening. Sven Vaksdal. Andakt ved sokneprest Steinnes. Kollekt.
Vaksdal kl. 18.00. Kyrkjekonsert. Vaksdal Musikklag. Ungdomskoret Fides og Vaksdal Skulekorps. Vaksdal kyrkjekor. Stamnes Damekor, Sven Vaksdal. Andakt. Kollekt.

4. søndag i advent, 21. desember:

Nesheim kyrkje kl. 11.30. Gudsteneste og konsert. Eksingedalen blanda kor. Sven Vaksdal. Offer til Santalmisjonen.

Julaftan, 24. desember:

Dale kyrkje kl. 15.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Steinnes. Stanghelle Skulekorps. Stanghelle yngreskor. 4. klasse Stanghelle skule. Offer til søndagsskulen.
Dale kyrkje kl. 16.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Steinnes. Barnekoret. Dale Skulekorps. Dale Ten-Sing. Offer til søndagsskulen.

Stamnes kyrkje kl. 14.00. Familiegudstene- nste ved res. kap. Lofthus. Skulekorps. Stamnes Damekor. Offer til søndagssku- len.

Vaksdal kyrkje kl. 16.00. Familiegudstene- nste ved res. kap. Lofthus. Ungdomskoret Fides. Offer til søndagsskulen.

1. juledag, 25. desember:

Dale kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Steinnes. Dale Mannskor. Høgtidsmusikk fra tårnet før gudstenesta. Offer til Menighetsfakultetet.
Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudstene- nste ved res. kap. Lofthus. Kyrkjekoret. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

2. juledag, 26. desember:

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudstene- nste ved res. kap. Lofthus. Offer til Menig- hetsfakultetet.
Flatekval kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudstene- nste ved sokneprest Steinnes. Felles guds- teneste med Mo. Offer til Det Norske Mi- sjonsselskap.
Eidslandet kyrkje kl. 17.00. Høgtidsguds- teneste ved res. kap. Lofthus. Offer til Det Norske Misjonsselskap.
Bergsdalen kyrkje kl. 16.00. Høgtidsguds- teneste ved sokneprest Steinnes. Offer.

Nyttårsaften, 31. desember:

Dale kyrkje kl. 23.15. Midnattsgudsteneste ved sokneprest Steinnes.

Nyttårsdag, 1. januar 1981:

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Stein- nes. Nattverd.
Stamnes kyrkje kl. 11.00. Prost Olav Fjose.

4. januar:

Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Stein- nes. Nattverd.
Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Generalsekretær Toft. Offer til Muhammedanermisjonen.

11. januar:

Eidsland kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Stein- nes. Nattverd.
Nesheim kyrkje kl. 11.30. Prost Fjose.
Nattverd.

18. januar:

Dale kyrkje kl. 11.00. Prost Fjose.
Stamnes kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Stein- nes.

25. januar:

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Prost Fjose. Natt- verd. Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

1. februar:

Dals kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.
Flatekval kyrkje kl. 11.00. Prost Fjose.
Nattverd.

8. februar:

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Familiegudstene- nste ved sokneprest Steinnes. Soknemøte om liturgi på bokmål eller nynorsk.
Stamnes kyrkje kl. 11.00. Familiegudstene- ste ved prost Fjose.

15. februar:

Dale kyrkje kl. 17.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Steinnes.
Eidslandet kyrkje kl. 11.00. Prost Fjose.
Nesheim kyrkje kl. 11.30. Sokneprest Stein- nes.

22. februar:

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Stein- nes. Nattverd.
Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Prost Fjose.
Vaksdal kyrkje kl. 18.00. Prost Fjose. Natt- verd.

Hausvik og Faugstad %

Vaksdal

Telefon 39 72 13

Voss Samvirkelag

Avd. 14 — 5294 Eidslandet
Avd. 15 — 5296 Eksingedalen



**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

| | | |
|---------------------|-------|-------|
| DALE, tlf. 396321 | Frå | Til |
| Måndag, tysdag, | | |
| onsdag og fredag .. | 08.30 | 15.00 |
| Torsdag | 10.00 | 17.30 |

| | | |
|----------------------|-------|-------|
| VAKSDAL, tlf. 397215 | | |
| Tysdag, onsdag | | |
| og fredag | 08.30 | 15.00 |
| Torsdag | 10.00 | 17.00 |

| | | |
|----------------------|-------|-------|
| STAMNES, tlf. 398015 | | |
| Måndag | 09.30 | 14.30 |

Bruvik Sparebank

Vaksdal, Dalekvam, Stammeshella

**Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA**

Dale Handelsforening

Dalekvam

**TOMAS UTSKOTTS
SKOFORRETNING**

Dalekvam

Vaksdal coop. Handelslag

V A K S D A L

Tlf.: Kontor 39 71 12 — Snarkjøp 39 71 10

Kjøp i Dykkar eigen forretning

RADIOSPECIALEN %

Dalekvam
Tlf. 39 61 40

R A D I O — T V

Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR

SALMEBØKER- SANGBØKER

EIDE & PETERSEN %

Dalekvam
Tlf. 39 61 58

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Dalekvam
Tlf. 39 62 23

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

Arthur og Arne Vaksdal

KVIKKBAR

Dalekvam
Tlf. 39 60 61 — 39 60 12